

# MØTEREFERAT 5. NOVEMBER 2019

|                  |                                          |
|------------------|------------------------------------------|
| <b>Råd:</b>      | <b>Nysæter sokneråd</b>                  |
| <b>Tid:</b>      | <b>Tysdag 5. november 2019</b>           |
|                  | <b>Kl. 18.30 – 20.30 Gamalt sokneråd</b> |
|                  | <b>Kl. 19.00 – 21.00: Nytt sokneråd</b>  |
| <b>Møtestad:</b> | <b>Nysæter kyrkje</b>                    |
| <b>Mat:</b>      | <b>Kinamat</b>                           |
| <b>Opning:</b>   | <b>Hildegunn</b>                         |

*" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "*

**Innkalla:** Elisabeth V. Fauskanger, Solveig Nome, Tove V. Nygård, Hildegunn S. Heimro, Lovise S. Heimro, Oddbjørg K. Løking, Helga T. Stautland, Ingebjørg R. Grønsdal, Marit S. Grimstad, Heine Kaldefoss, Mats-Mikal N. Langøy, Jørgen Knudsen.

Forfall: Mats Mikal N. Langøy

**Nytt sokneråd:** Marit S. Grimstad, Heine Kaldefoss, Marta Kristin Valvatne, Oddbjørg K. Løking, Jens Arne Stautland, Katrine Valvatne Kvernenes, Karen Marie Valvatne, Ingebjørg R. Grønsdal, Kristine Wiersen, Randi Bod Haugsdal, Ståle Betten, Jørgen Knudsen

Forfall: Ståle Betten

## **SAKLISTE kl. 18.30**

**2019/45- 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste.**

**Vedtak: Godkjent.**

**2019/46-012.1 Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 01.10.19.**

**Vedtak: Godkjent.**

**2019/47 - 365 Kyrkjebasaren 2019 - evaluering**

### **Saksutgreiing**

Kyrkjebasaren vart gjennomført 19. oktober. Det kom inn kr.84 630,-. Dette kjem av litt færre selde lodd i forkant og litt lågare oppmøte på basaren (147). Førre basar hadde innkomme på 106.000 og 220 frammøtte

**Drøfting.** Soknerådet evaluerte basaren:

- Tidspunkt; Kan det vere aktuelt å flytte basaren til februar/mars?
- Organisering,
  - vurdere tidspunkt for førehandsal av lodd
  - vurdere to istf tre åresal og heller auke prisen pr åre
  - det var rikeleg med god matgjennomføring
  - viktig at arrangementet ikkje dreg ut i tid

# **MØTEREFERAT 5. NOVEMBER 2019**

**2018/48 - 411 Felles korridor (barnehage – kyrkja) nede i kjellaren**

## **Saksutgreiing**

Korridoren nede vert nytta av barnehagen til oppbevaring av diverse utstyr. Dette gjev ved somme høve eit rotete inntrykk når kyrkja har arrangement som går føre seg i kjellaren, og kyrkja ønskjer heller ikkje å vera ansvarleg dersom noko av utstyret kjem til skade. I tillegg kjem dette med branntryggleik.

### **Vedtak**

Nysæter sokneråd bed kyrkjevevje om å ta dette opp med barnehagen.

**2019/49 - 411 Sofa i vestibylen**

## **Saksutgreiing:**

Soknerådet ønskjer å få trekt om sofaen i vestibylen og Helga og Hildegunn har undersøkt prisar på dette. Orientering i møte.

### **Vedtak:**

Soknerådet bed det nye soknerådet jobbar vidare med denne saka.

Ymsesaker:

1. Kyrkjeringen søker om kr. 5000,- til produksjon av ggevinstar til neste basar.

### **Vedtak:**

Nysæter sokneråd bevilgar kr. 5000,- til kyrkjeringen

- **Skriv, referat og meldingar**

1. Referat Stord kyrkjelege fellesråd 17.09
2. Referat Stord sokneråd 15. oktober

- **Orienteringssaker:**

1. Orientering frå kyrkjelydsarbeidet
2. Hausten 2019: T-dagar, "Sofaprat", konsertar, arrangement

Jørgen Knudsen  
møterefarent

## **MAT**

- **Opning**
- **Velkommen til nytt sokneråd**
- **Presentasjon**
- **Kort informasjon om soknerådet og utvala**
- **Takka av det gamle soknerådet**

# **MØTEREFERAT 5. NOVEMBER 2019**

## **SAKLISTE for nytt sokneråd**

### **2019/50- 012.1 Konstituering.**

#### **Saksutgreiing**

Soknerådet vel leiar og nestleiar for eit år. Inntil vidare må soknerådet òg velja ein møterefarent som sender referatet til Reidun.

#### **Vedtak: Soknerådet har hatt val og konstituert seg slik:**

Leiar: Marit Stalheim Grimstad

Nestleiar: Oddbjørg Kringlebotn Løkling

Møterefarent: Oddbjørg Kringlebotn Løkling

Val av repr. til Fellesrådet:

Faste medlemmer: Jens Arne Stautland, Marit Stalheim Grimstad

Varamedlemmer: Karen Marie Valvatne, Heine Kaldefoss

### **2019/51-012.1 Val av medlemmer til dei ulike utvala**

#### **Saksutgreiing**

Soknerådet består av ulike underutval som er sett saman av tilsette, sokneråd og andre medlemmer. Underutvala har fokus på diakoni, gudstenestene og arbeid for born og unge.

**Vedtak:** Soknerådet utsett saka til neste møte

### **2019/52-012.1 Fastsetja neste soknerådsmøte.**

#### **Saksutgreiing**

Soknerådet bestemmer møtefrekvens, tidspunkt og tidsramme. AU set ned forslag til plan som soknerådet godkjenner.

#### **Vedtak:**

Neste soknerådsmøte vert 03.12 kl.17.30.

AU lagar forslag til møteplan for våren 2020 til godkjenning på neste møte.

Ymse

1. Soknerådet har fått tilbod om å overta 10 bord og 50 stolar

#### **Vedtak:**

Soknerådet takkar nei til tilbodet

- **Orienteringssaker:**

1. Ajourføring av kontaklinformasjon
2. Soknerådskurs 12.11.19
3. Døgnet 10.-11.01.20
4. Soknerådet vert presentert på gudstenesta 10.11 i Nysæter kyrkje